



Bøssebærarar

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1364 - 14/10892

Saksbehandlar:

Monika Soltveit Gabrielli

monika.gabrielli@radoy.kommune.no

Dato:

03.10.2014

Informasjon til bøssebærarane

Takk for at du tok på deg å vera bøssebærar på denne nasjonale dugnaden for Kirkens nødhjelp!

TV-aksjonen 2014 skal gå til deira arbeid med å sikra dagleg tilganga på reint vatn til stadig fleire i verda.

Aksjonskomiteen for kommunen sin innsamlingsaksjon har i år vore sett saman av: Jon Askeland (leiar), Tore Villanger, Ludvig Grindheim, Silje Namtvedt, Torill Helland og Monika Gabrielli (sekretær).

Hugseliste:

1. Få tak i bøssa: Du må anten henta bøssa sjølv på rådhuset, eller du avtalar med rodeleiaren din om å få materiellet heim. Me ønskjer at flest mogleg hentar og kvitterer ut materiellet sjølv. Dette kan gjerast på rådhuset torsdag 16. oktober kl. 14.00 - 15.30 eller fredag 17. oktober kl. 12.00-17.00.

2. Sjølve innsamlinga: Søndag 19. oktober kl. 15.00 er det felles start for bøssebærarar. Det er viktig at du besøker **ALLE husstandane** i ruta di (sjølv sagt berre om tida strekk til). Hugs å vera legitimert med ID-kort godt synleg på ytterkleda. Dersom folk ikkje er heime, så legg att meldingslapp (vert utdelt saman med bøssene) om at du har vore der. Born under 18 år, skal normalt ikkje gå aleine med bøssa.

3. Innlevering av bøssa: På rodelista (vedlagt) står det informasjon om kvar og til kven du skal levera bøssa (anten til rodeleiar eller direkte til Sparebanken Vest på Manger). Banken opnar om lag kl. 17.30. Det er viktig at **innleveringa di vert registrert før du forlet rodeleiar eller banken**. Bøssa skal uansett leverast i banken etter runden er ferdig.

4. Har du spørsmål? Kontakt rodeleiaren din.

Med helsing

Jon Askeland
Leiar aksjonskomiteen

Monika Soltveit Gabrielli
konsulent kultur- og sørvistorget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakarar:
Bøssebærarar